

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

STAD: Quality Hotel Maritim, Haugesund

MØTETIDSPUNKT: 13.01.2023 kl. 09.00 – kl. 13.15

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Petter Steen jr.	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Helga Arianson	Styremedlem
Heiko Bratke	Styremedlem
Nina Budal	Styremedlem
Anne Sissel Faugstad	Styremedlem
Kjersti Follesø	Styremedlem
Laura Lill Haavik	Styremedlem
Per Karlsen	Styremedlem
Åse-Berit Apeland Rolland	Styremedlem
Ingvill Skogseth	Styremedlem

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Aud Gunn Løklingholm	Administrasjonssjef
Magne Kydland	Kommunikasjonssjef
Hilde Sørhus Kalvenes	Administrasjonssekretær
Hege Etterlid	Økonomi- og finansdirektør
Laila M. R. Nemeth	Prosjektdirektør
Andreas Andreassen	Fagdirektør
Helga Stautland Onarheim	HR direktør

Leiar i brukarutvalet Helse Fonna HF, Grete Müller, deltok

Forfall frå styremøte:

Ingen

SAKLISTE

Sak 1/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak 2/23	Protokoll frå styremøte 25.11.22	Vedlagt
Sak 3/23	Protokoll frå styremøte 05.12.22	Vedlagt
Sak 4/23	Internrevisjon – læring på tvers av uønskete hendingar	Vedlagt
Sak 6/23	Rapport frå verksemda	Vedlagt
Sak 7/23	Oppdatert økonomisk langtidsplan	Vedlagt
Sak 8/23	Revidert budsjett 2023	Vedlagt
Sak 9/23	Revidert investeringsbudsjett 2023	Vedlagt
Sak 10/23	Revidert forprosjektrapport, byggetrinn 2	Vedlagt
Sak 12/23	Årleg melding	Vedlagt

UNDERLAG**Lukka møte, jf. Helseføretakslova § 26 a, 2. ledd punkt 4**

Sak 11/23	Bygg Haugesund månadsrapport november	Vedlagt
Sak 13/23	Godkjenning av avtale	Vedlagt

Saker til orientering

Sak 5/23	Administrerende direktør si orientering	Vedlagt
Sak 14/23	Eventuelt Skriv og meldingar	

Sak 1/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak [samrøystes]

Innkalling og dagsorden vart godkjent med slik endring:

Evaluering av styret og administrerande direktør vert utsett til styremøte 15.02.2023 og det vert samstundes gitt opplæring i styrearbeid.

Sak 2/23 Godkjenning av protokoll frå styremøte 25.11.22

Vedtak [samrøystes]

Styret godkjenner protokoll frå styremøte 25.11.22

Sak 3/23 Godkjenning av protokoll frå styremøte 05.12.22

Vedtak [samrøystes]

Styret godkjenner protokoll frå styremøte 05.12.22

Sak 4/23 Internrevisjon – læring på tvers av uønskte hendingar

Fagdirektør Andreas Andreassen presenterte saka innleiingsvis.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tek saka til etterretning og ber administrerande direktør gjennomføre tiltaka i handlingsplanen

Sak 5/23 Administrerande direktør si orientering

1 Tilsyn

Vedlagt

2 Høyringar

Vedlagt

3 Orientering om driftssituasjon

Det har vore eit høgt press på driftssituasjonen inn mot jul med mange pasientar og høgt sjukefråvær. Presset roa seg noko i romjula, men auka att etter nyttår.

Det vart sett grøn beredskap frå 3. januar. Redusert elektiv drift, utlokalisering av pasientar og tett dialog med kommunane for å ta i mot utskrivingsklare pasientarar nokre av tiltaka som vart sett i verk. Føretaket har hatt eit overbelegg på mellom 30 og 50 pasientar.

Helse Fonna gjekk i gul beredskap frå 12. januar. Nokre av tiltaka som vart sett i verk var endra opptaksgrenser, flytting av personale, dialog med HSR om å få flytta pasientar over og leige av personale frå HSR.

Intensivavdelinga har god kapasitet, men barneavdelinga er full. Det er først og fremst medisinske pasientar som er utfordringa. På Stord er nokre senger tatt i bruk til utskrivingsklare pasientar frå både Stord og Hgsd. Det er per no kontroll over situasjonen, og beredskapssituasjonen vil bli fortløpande vurdert utover i neste veke.

Nye framlegg:

Styret i Helse Fonna HF ber Helse Vest RHF, saman med dei andre regionale helseføretaka, følgja opp utfordringa med redusert elektiv drift, auka ventetider og reduserte inntekter overfor Helse- og omsorgsdepartementet.

4 Mogeleg leige av eksterne lokale (u.off. jf. Helseføretakslova § 26 a, 2. ledd punkt 4)

Helse Fonna har fått spørsmål om det kan vera av interesse å leiga eksterne lokale. Eventuelt auka aktivitet for Helse Fonna må finansierast gjennom ordinære rammer og DRG, og må vurderast opp mot eksisterande drift.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar meldingane til orientering med slik merknad til pkt. 3:

Styret i Helse Fonna HF ber Helse Vest RHF, saman med dei andre regionale helseføretaka, følgja opp utfordringa med redusert elektiv drift, auka ventetider og reduserte inntekter overfor Helse- og omsorgsdepartementet.

Sak 6/23 Rapport frå verksemda

Administrerande direktør orienterte innleiingsvis kort om kvalitet i rapporten. Presentasjon av den økonomiske situasjonen ved økonomi- og finansdirektør Hege Etterlid.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning

Sak 7/23 Oppdatert økonomisk langtidsplan

Administrerande direktør Olav Klausen og økonomi- og finansdirketør Hege Etterlid presenterte innleiingsvis saka.

Protokoll frå drøftingsmøte 10. januar vart lagt fram for styret i møtet.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF vedtek oppdatert økonomisk langtidsplan 2023-2027

Sak 8/23 Revidert budsjett 2023

Presentasjon av saka ved administrerande direktør Olav Klausen og økonomi- og finansdirektør Hege Etterlid.

Protokoll frå drøftingsmøte 10. januar vart lagt fram for styret i møtet.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF vedtek budsjett for Helse Fonna HF 2023
2. Styret i Helse Fonna HF gir administrerande direktør fullmakt til å gjere endringar om rammevilkåra frå Helse Vest RHF blir endra
3. Styret i Helse Fonna HF gir administrerande direktør fullmakt til å gjere justeringar/endingar innanfor ramma av det vedtekne budsjettet
4. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør følgje opp økonomistyringa i høve til budsjett, og rapportere til styret på same format som i 2022

Sak 9/23 Revidert investeringsbudsjett 2023

Administrerande direktør Olav Klausen og økonomi- og finansdirketør Hege Etterlid presenterte innleiingsvis saka.

Protokoll frå drøftingsmøte 10. januar vart lagt fram for styret i møtet.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret vedtek investeringsbudsjett for Helse Fonna HF for 2023
2. Administrerande direktør får fullmakt til å gjere naudsynte endringar om rammevilkåra frå Helse Vest RHF blir endra
3. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere justeringar og endringar innanfor ramma av det vedtekne investeringsbudsjettet

Sak 10/23 Revidert forprosjektrapport, byggetrinn 2

Administrerande direktør Olav Klausen og prosjektdirektør Laila M. R. Nemeth presenterte innleiingsvis saka.

Protokoll frå drøftingsmøte 10. januar vart lagt fram for styret i møtet.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF godkjenner revidert forprosjekt for byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus med tilhørende revidert framdriftsplan og budsjett.
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør sende vedtak og forprosjektrapport med vedlegg til Helse Vest RHF for vidare handsaming
3. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør halde styret løypande informert om det vidare arbeidet

Sak 11/23 Bygg Haugesund månadsrapport november**Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

Sak 12/23 Årleg melding**Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF godkjenner årleg melding

Sak 13/23 Godkjenning av avtale**Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF godkjenner avtalen som er lagt ved saka

Sak 14/23 Eventuelt**Skriv og meldingar**

Administrerende direktør orienterte kort om dei framlagde skriv og meldingssakene

Vedtak [samrøystes]

1. Skriv og meldingar blei tatt til orientering

Eventuelt:

Styreleiar orienterte om prosess med innfasing av ny administrerende direktør.

Referent Aud Gunn Løklingholm, 13.01.2023

Petter Steen jr.	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Helga Arianson	Medlem
Heiko Bratke	Medlem
Nina Budal	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Kjersti Follesø	Medlem
Laura Lill Haavik	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Åse-Berit A. Rolland	Medlem
Ingvill Skogseth	Medlem
